



Advoikat Bjarte Døssland er i Høgsterett denne veka. (Foto: Kvinnheringen)

**Tysdag og onsdag i denne veka står advokat Bjarte Døssland frå Uskedalen ansikt til ansikt med fem dommarar i Høgsterett, melder Kvinnheringen.**

Tysdag starta ankesaka over domen i lagmannsrett frå 10. september i fjor, der Kvinnherad Energi tapte saka

mot staten. KE hevda at stansingsvedtaket av utbetningsarbeidet i Muradalen var ugyldig. Det fekk bedrifta medhald i då saka var oppe i tingretten, men staten vann på alle punkt i lagmannsretten,

No er saka altså inne i siste rettsrunde der det ikkje er nokon bevisføring som i dei to lågare rettene. Heller ikkje er det synfaring,

For Døssland er saka ei såkalle høgsterettsprøve. Han har møtt ei gong før i Høgsterett, men då var saka for lita til at han fekk vist at han er eigna til å føra saker for den høgste retten i landet.

- Denne saka er nok stor nok til at han kan bli vurdert, seier ein spent Bjarte Døssland. Han vil bli vurdert både med omsyn til tidsforbruk, tempo, argumentasjonsmåte, framstilling av fakta og andre element.

Uskedelingen har lagt ned mange arbeidstimar i førebuingar. Han håper å klara prøven, men det aller viktigaste for han er å vinna saka for klienten. Regjeringsadvokaten ved advokat Erling Haaskjold er motpart.

Av Ola Matti Mathisen